

**Gutane gjekk vidare i skulecupen**

01.11.2007

**Kvart år arrangerar Hordaland fotballkrets saman med BT ein skulecup i fotball. Uskedalen meldte seg på i år og fekk spela den innleiande runden på heimebane.**

I jenteklassen kom Omvikdalen og Våge på besøk mens Omvikdalen, Sætre og Tyssedal stilte opp i guteklassen.

Jentene nådde ikkje heilt fram, eitt poeng på dei to kampane vart for lite og dei gjestande skulane gjekk vidare til neste runde.

I fyrste kamp hadde gutane ei tomålsleiing på Tyssedal, men det enda med 3-3. I den andre kampen vart Sætre fleire nummer for store og difor måtte uskedalingane vinna stort i siste kamp.

Dei fekk verkeleg vist kva dei stod for og gav seg ikkje før det stod 10-3. Dermed går dei vidare til neste runde, melder nettavisa til Uskedalen Oppvekstsenter.